

Spesielle miljøtiltak i landbruket /SMIL-ordninga
Lokale retningslinjer for Hægebostad kommune
Perioden 2024 -2027



Foto: Odd Arve Kvinnesland

Kort om SMIL-ordninga – bakgrunn og føremål

SMIL-ordninga vart overført fra fStatsforvalteren til kommunane i 2004. Kommunane mottok ein årleg pott frå Statsforvalteren der Statsforvalteren prioriterar kommunar med god måloppnåelse, gjennomføringsevne og lokale retningslinjer der SMIL og RMP ses i sammenheng. Statsforvalteren sin nye RMP-strategi legg si hovudvekt på utslepp til luft og vatn. Dette betyr at kommunens strategi må tilpassas til tiltak som bidrar til redusert forureining. Utarbeidelse av lokale retningslinjer blir gjort ved i samarbeid med jordbruket sine faglag lokalt – og godkjent av formannskapet.

Føremålet med ordninga går fram av § 1 i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket:

«Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.»

Sentralt regelverk:

- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket med tilhørende rundskriv. Oppdatert versjon finnes til enhver tid på Landbruksdirektorets nettsider.
- Nasjonale mål – som td Vanndirektivet, Naturmangfaldslova mfl
- Regionalt miljøprogram
- Landbruksstrategi for Agder – verdiskaping gjennom jordbruk, skogbruk og bygdenæringer

Lokalt regelverk for Hægebostad

- Lokale retningslinjer for SMIL-midler i Hægebostad kommune
- Innmarkbeite som Hægebostads prioritert areal gjennom RMP-ordninga
- Tiltaksmanual Hægebostad kommune – Regionalt tiltaksprogram for vannregion Agder 2016 - 2021(rullering påbegynt)
- Kulturminneplan 2020-2025 Hægebostad kommune

I tillegg vil mellom anna følgjande kjelder vere viktige:

- SEFRAK/Askeladden, og kartdatabasen hjå miljøstatus.no
- Gardskartet med tilhøyrande basar, kilden hjå Nibio

Landbruket og landbruket sitt kulturlandskap i Hægebostad – tilstand og miljø-utfordringar

Aktivt jordbruk:

Hægebostad er ein innlandskommune med eit forholdsvis aktivt og sterkt jordbruk. Jord- og skogbruk utgjer om lag 6,2 % av den totale sysselsettinga i kommunen (2022-tall frå kommuneprofilen). Landsnittet er omlag 2 % (SSB-tall frå 2022). Det er grovfôrproduksjon og drøvtyggarar som dominerer landbruksproduksjonen i Hægebostad kommune.

Attgroing og friluftsliv:


Generelt er attgroing av beiter i både inn – og utmark eit aukande problem. Orsakane er i hovudsak nedlagte bruk og mindre grad av sambeiting. I tillegg vil mjølkerobotfjøs gje mindre beiting samtidig som gardane er blitt færre og større – og leiger meir jord. Dette gjer at spesielt mindre beiter ikkje vert brukt i like stor grad lengre. Sauehaldet har vore svært aktivt og stort frå gamal tid av. Dette har i midlertid endra seg forholdsvis mykje i løpet av dei siste 20 åra. Som følgje av dette gror heiene stadvis att – og beitet vert forringa for dei som er att. Dette førar til attgroing av artar som gjerne ikkje er ynskja på beite – som til dømes einstape og einer. Dette er døme på artar som er dominerande og konkurrerar ut andre artar og vekstar som kan vere avgjerande for det biologiske mangfaldet. Andelen kjøttfe som brukar utmarka er aukande – og motverkar attgroinga til en viss grad. Gammal piggråd frå gamle ubrukne beiter er også eit problem som næringa trekk frem.

Rik på kulturminner:


Kommunen har mange og kjente førnminner som til dømes Tingstaden, Snartemosverdet og ei lang rekke gravhaugar. Frå gammalt av vart det drive seterdrift på mellom anna Hekkfjell– og det finst og fleire nedlagte heiegardar. Det finst enno att gamle høyløer, seterbygningar og driftsbygningar som er meir eller mindre teke vare på – som Bryggesåhommen og Bulega. Ein finn òg mykje spor i form av til dømes steingjerder, rydningsrøyser, buveggar og jordkjellerar.

Bryggesåhommen 2006. Foto: O A Kvinnesland

Forureining:



Hægebostad kommune høyrer til vannområdet Lygna – og har gjennom arbeidet knytt til Vanddirektivet - fått utarbeid eigen tiltaksmanual. For jordbruket sin del er mykje av arbeidet knytt til vegleiing og kompetansebygging for betre og meir miljøvennleg utnytting av husdyrgjødsel – samt å betre dreneringstilstanden på jordbruksareala.



Bilete over; Lygne Foto: Peder Austerud

Bilete til høgre; Flaumen Synne Foto: Jimmy Birkeland

Flaumen Synne i 2015 råka mellom anna Hægebostad kommune hardt – og syner kor utsett mykje av det beste jordbruksarealet – som ligg i dalebotnen – verkeleg er.

I tillegg opplever ein stadig kraftigare nedbør – som utfordrar – og til tider tider øydelegg den dyrka jorda. Steinsetjing vil mellom anna kunne vere eit viktig tiltak for bevare dyrka jord i utsette områder. Opning av lukka grøfter som ikkje er tilstrekkeleg dimensjonert er ei anna tiltak. Eit anna tiltak som næringa har fremma som problem er gamle piggrådgerder. Piggtråd nytta som gjerde for husdyr vart forbode å setje opp i 2010.

Fleire kommunar nytta SMIL-midlar til å fjerne dette i inn og utmark – mellom anna Farsund. Farsund har hatt god effekt av dette – og ein bruker erfaringane her i frå til å spisse ordninga.

Skadelege artar som til dømes Landøyde og Parkslirekne er førebels handterbare mhp landbruksproduksjon – men situasjonen kan fort endre seg. Det vil mellom anna bli halde ekstra fokus på å fjerne Landøyde kvar sommar.

Mål for SMIL-tiltaka

- Redusere forureining og erosjon frå jordbruket – i tråd med nasjonale føringar og endra RMP-strategi
- Støtte tiltak som motverkar at jordbruket sitt kulturlandskap gror att. Tiltak som fremmer og ivaretar biologisk mangfold og landbrukets kulturminner er ein føresetnad for å få støtte. Rydding av gamle bratte jordbruksarealar er og innanfor ordninga.
- Spesielt fokus på fjerning av piggtråd – både som tiltak for å fremme tilgjengelegheit og fjerne forureining

Prioritering av søknader

Følgjande søknader vil bli prioritert for perioden 2024-2027 – i denne rekkefølga:

1. Forureiningstiltak,- til dømes etablering av kantsoner, opning av lukka grøfter, steinsetjing og tiltak ved utegangerkvever for storfe.
2. Tiltak som motverkar attgroing og fremmer biologisk mangfold og beiting – der områder med kulturminner er ein føresetnad for søknad. Rydding av gamle bratte gjengrodde jordbruksarealar.
3. Eige tilskot til fjerning av piggtråd
4. Andre søknader vil kunne få tilskot om det er midlar att.

Tiltak og tilskotsprosent

Det kan gjevast tilskot til tiltak som tek vare på, og fremmer, natur – og kulturminneverdiar i kulturlandskapet, samt til tiltak som reduserer faren for forureining frå jordbruket. Tiltaka kan gjerast enkeltvis – eller komme som resultat av eit større samarbeidsprosjekt gjennom ordninga for Tilskot til planleggings og tilretteleggingstiltak.

I spesielle tilfelle vert det gjeve maksimalt tilskot. Dette vert då grunngjeve i vedtaket. Enkelte tiltak vil vere aktuelle for fleire tilskotsordningar – og dette vil påverke utmålinga av tilskotet – eks Kulturminnefondet, Innovasjon Norge og Vestenfjeldske bykreditts stiftelse.

Planleggings- og tilretteleggingstiltak

Tilskot til tiltak som legg til rette for større heilhetlige miljøprosjekt over større områder – til dømes eit vassdrag eller ei grend. Prosjektet skal resultere i ein plan med konkrete tiltak – utarbeidd av eksterne konsulentar.

Dette er planleggings- og tilretteleggingstiltak som skal føre fram til gode og konkrete kulturlandskap, breidd spekter av biologisk mangfald og forureingstiltak over eit større område. Døme; turstiar, skjøtselsplanar, mv.

Dei aktuelle tiltaka i planen vil i neste fall kunne vere aktuelle for tilskot gjennom ordningane kuturlandskapstiltak og forureiningstiltak.

Tilskotsprosenten for denne ordninga; 50- 100 %

Kulturlandskapstiltak (berre dei mest aktuelle tiltak er tatt med)	Tilskotsprosent
<p>Restaurere gammel kulturmark</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Med spor av gamle driftsmåter som til dømes rydningsrøyser, steingjerder, buvegar, stølsområder, hustuffer, gravhaugar – på områder der det er beitegrass i botnen. Det kan ikkje gjevast tilskot til å opparbeide innmarksbeite på rein skogsmark. ○ Rydding av bratte gamle jordbruksarealer ○ Tilskot til gjerding vert berre gjeve når det er rydding av gammel kulturmark samstundes. Det vert ikkje gjeve tilskot til gjerding av beiter som er i aktiv drift. 	<p>30-70 %</p>
<p>Ivareta biologisk mangfald</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Trua natur, utvalgte naturtypar og prioriterte artar (eks; hule eiker, slåttemark, slåttemyr) ○ Tilskudd til tiltak som styrker pollinerende insekter <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tiltaka må utarbeidast i samråd med Fylkesmannen si miljøvernadeling som er behjelpelege med utarbeiding av skjøtselplan og tilskot til vidare drift ○ Fjerning av framande skadelege artar <ul style="list-style-type: none"> ▪ Til dømes Landøyde, Parkslirekne, Tromsøpalme 	<p>50-70 %</p>
<p>Vedlikehald og istandsetting av gamle kulturminner</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ som SEFRAK-bygg, gravhaugar, bu-vegar, bakkemurar mv. Ordniga gjeld ikkje automatisk fredede bygg. ○ Bygningar som kan nyttast som bustad, hytte eller til annan drift vert lågt prioritert ○ Når det gjeld kostnads-krevjande bygg er det viktig å søkje andre tilskots-kjelder som Kulturminnefondet og Vestenfjeldske bykreditts stiftelse <p>Tiltaka må gjerast i samråd med fylkeskonservator</p>	<p>Inntil 50 %</p>

Forureiningstiltak – berre dei mest aktuelle tiltaka	Tilskotsprosent
<p>Tiltak som reduserer utslepp til vatn</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg <ul style="list-style-type: none"> ▪ Eks gjenåpne bekkelukkingar ○ Erosjonssikre/steinsetje elve og bekkekanter - <ul style="list-style-type: none"> ▪ Steinsetjng er gode tiltak som det har vore gjeve ein del tilskot til i seinare år. Godkjente kostnader bygger på tidlegare tildelingar – og det vert ikkje teke omsyn til om søkjar har tilgang på eigen stein eller må kjøpe inn dette. ○ Miljøplanting – til dømes etablering av kantsoner mot vatn, omlegging frå open åker ○ Tiltak for å redusere avrenning t.d. fangdammar mv <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ordninga er lite brukt. Truleg mest aktuelt ved utekveer og stader med fôring i nærleiken av vatn. 	<p>30- 50 %</p> <p>30 – 50 %</p>
<p>Tiltak som reduserer utslepp til luft;</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Dekke over eksisterande gjødsellager <ul style="list-style-type: none"> ▪ Dette er svært kostnadskevjangende tiltak som gjeld få – og som det så langt ikkje er gjeve tilskot til. ▪ Det vert lagt vekt på at hovudformålet med tiltaket ikkje er manglande gjødsellagerkapasitet på grunn av dyretal– og det vert vurdert om det er eit tiltak som heller høyrer inn under tilskotsordninga til Innovasjon Norge. 	<p>inntil 30 %</p>
<p>Rensetiltak for å redusere utslepp av plantevernmidlar</p>	<p>Inntil 70 %</p>
<p>Fjerning av piggtråd</p> <p>Piggtråd – se eget faktaark for ordning Satsen er per løpemeter gjerde</p>	<p>Sats per m</p> <p>25 kr/m- maks 7500 kr per søker</p>

Vilkår

Søknadsvilkår:

Vilkår for å kunne søke tilskot gjennom ordninga går fram av § 3 i Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Hovedpunkta er desse;

- Søkjar må anten ha landbruksproduksjon som oppfyller vilkåra for tilskot gjennom produksjonstilskotordninga – eller leige vekk areal til føretak som tilfredstiller dette kravet. Krav om skriftlig leigekontrakt.
- Søkjar må legge fram;
 - Gjødseplan og sprøytejournal (fra eigen gardsdrift eller fra dei som driv jorda si gardsdrift)
 - kart over all jord som føretaket disponerar der kulturminner, biologiske verdier og områder utsett for avrenning og erosjon er kartfesta – oftast tilstrekkeleg informasjon frå Gardskart hjå Nibio.
- Søkjar må:
 - leggje ved bilete før arbeid, og etter utført arbeid. Dette for å kunne dokumentere at arbeidet er utført, og korleis. Bileta bør tas fra samme stad begge gongene.
- Der det søkjast om å restaurere gamal kulturmark, må søkjar sørge for framtidig drift og hevd av areala, samt å ha redusert bruk av gjødsel og plantevernmidlar.

Det må søkjast på eige skjema – elektronisk – som ein finn på Landbruksdirektoratet sine nettsider.

Vedtaksvilkår:

Det vil bli satt vilkår knytt til utførelse av tiltak etter behov -samt vedlikehald og drift i minst 10 år mv - jamfør § 3 i SMIL-forskrifta

Søknadsfrist:

Hovudsøknadsfristen er 1. oktober – då søknadene dannar grunnlag for neste års tildeling. Desse søknadene vil bli prioriterte først påfølgande år. Elles er det forløpande hansaming så lenge det er midlar att.

Godkjenning av kostnadsoverslag:

Ein følgjer Fylkesmannen sine satsar så langt det føreligg. Elles tek ein utgangspunkt i tilsvarande saker – som til dømes steinsetjing av bekkar.

SMIL-ordninga og tilskotsmessig kobling mot RMP

SMIL-ordninga skal bygge på RMP-ordninga -dvs at fleire av tiltakene inn under SMIL-ordninga i etterkant kan få årlige tilskudd fra RMP for skjøtsel. Oversikta under er ikkje fullstendig – men tek for seg nokon tilfelle.

- Biologisk mangfald: ein kan få tilskot i RMP til årleg skjøtsel av utvalde naturtypar som t.d. slåttemark, slåttemyr, naturbeitemark og hagemark – og SMIL-tilskot for istandetting av desse
- Soner for pollinerande insekt: dette er med i RMP òg
- Kulturminnene bakkemur og buveg: ein kan få tilskot i RMP til årleg skjøtsel av desse om dei grenser til, eller ligg på, jordbruksareal
- RMP-ordninga gjev tilskot tilskjøtsel av bratt jordbruksarealareal – ein kan få SMIL-tilskot til rydding av dette